

**STYRET FOR NORDHORDLAND REVISJON IKS**

**MØTEUTSKRIFT STYRET**

Møtedato: 21.januar 2019  
Kl: 12:00  
Stad: Nordhordland Revisjon IKS, møterom  
Desse møtte: Lovisa Midtbø (leiar), Magne Rifsgård (nestleiar), Margrethe Rippl  
Ådland , Olav Steinar Namtvedt, Vilgerd Storset Husa, Reidar Hjertås  
1.vara  
Møteleiar: Lovisa Midtbø  
Forfall:  
I tillegg møtte: Jorund Stellberg (Styreleiar NHR AS), Revisjonssjef Janne Eraker,  
Sigrun Tjore (tilsette sin representant)

**SAKSLISTE:**

Sak 01/19 Godkjenning av møteinnkalling og sakliste.

**Samrøystes vedtak:**

**Det var ingen merknad til møteinnkalling og sakliste**

Sak 02/19 Godkjenning av møteutskrift av 03.12.18.

**Samrøystes vedtak:**

**Møteutskrift 03.12.18 vart godkjent**

Sak 03/19 Meldingar og orientering.  
o Orientering om drift og aktuelle saker

**Samrøystes vedtak:**

**Styret tek meldingar til etterretning.**

Sak 04/19: Utgreiingsarbeid: Samling av NHR-IKS og IHR til eit interkommunalt selskap.  
Sakstfang: Referat frå eigarmøte 3. jan, 2019.

På representantskapsmøte i NHR-IKS 07.12.2019 vart det vedteke å ta initiativ til eit møte med eigarkommunane i IHR for å drøfta om det var interesse for å samla dei to kommunale revisjonsselskapa i Hordaland. Eigarkommunane i IHR takka ja til dette, og møtet vart halde i Bergen 3.januar i år.

Leiar i representantskapet for NHR-IKS, Øyvind H. Oddekalv, leia møtet. Johannes Grønsdal, styreleiar i IHR og Lovisa Midtbø, styreleiar i NHR orienterte om utviklinga i kommunale revisjonseiningar og status i IHR og NHR.

Ordførarane frå eigarkommunane drøfta framtida for kommunal revisjon i Hordaland og korleis ein best kan sikra ein kommunal revisjon i eigen regi som har solid kompetanse, god kapasitet og leverer revisjonstenester med høg kvalitet og til konkurransedyktig pris til eigarkommunane.

Saka vart drøfta, og det var semje om at ein må greia ut ei samanslåing av dei to kommunale revisjonsselskapa i Hordaland.

Det vart gjort følgjande samrøystes vedtak:

1. Eigarkommunane ynskjer at det blir utgreidd å samle IHR og NHR til eit interkommunalt selskap.
2. Eigarane pålegg styra i IHR og NHR å ver prosesseigarar i utgreiingsfasen. Styra i IHR og NHR etablerer ei arbeidsgruppe som utarbeider prosessplan og utfører utgreiingsarbeidet.
3. Utgreiinga må konkretisera korleis ny organisering kan gi ei framtidretta revisjonsverksemd der effektivitet og fagleg kvalitet kan utviklast.
4. IHR og NHR eig i dag kvart sitt aksjeselskap som er godkjend revisjonsselskap og kan levere rekneskap- og revisjonstenester til verksemdar som fylgjer rekneskapslova. Dette gir høve til betre ressursutnytting, styrkjer økonomien og verksemdene blir meir attraktive for arbeidssøklarar. Utgreiinga må syna korleis denne aktiviteten kan bli samordna og vidareført, til dømes gjennom felles fusjonert aksjeselskap.
5. Representantskapet i NHR-IKS og ordførarane i IHR er referansegruppe for utgreiingsarbeidet.
6. NHR og IHR rapporterer til referansegruppene innan 1. april

Styret i NHR har dermed fått eit klart mandat til å greia ut framtida for selskapet. Dette arbeidet hastar, og vi må gjera naudsynte vedtak i styret for å etablere ein prosjektorganisasjon og sikra økonomi og god framdrift i arbeidet.

Etter at eigarmøtet gjorde sitt vedtak, hadde styreleiar og revisjonssjef møte på Voss 09.01.19 med styreleiar og revisjonssjef i IHR. Leiinga i begge selskapa er klare til å ta fat på utgreiingsarbeidet, og utfordringar og arbeidsdeling vart drøfta. Styret i NHR-IKS må gjera vedtak som gjev fullmakter til dette arbeidet.

Styreleiar finn det effektivt at NHR byggjer vidare på den strukturen og det mandatet som styret tidlegare har vedteke for å vurdere utvikling av selskapet. Vi har hatt ei arbeidsgruppe som har tilrådd at selskapet arbeider for å gå inn i ei større revisjonseining, noko styret har slutta seg til. Arbeidsgruppa som vart sett ned, var samansett av revisjonssjefen, styreleiar NHR AS og styreleiar i NHR-IKS og har tidlegare fått eit mandat som dekkjer mykje av dei punkta som ligg i vedtaket frå eigarmøtet.

«Arbeidsgruppa skal greie ut konsekvensar for NHR IKS og NHR AS ved kommunesamanslåing mellom Radøy, Meland og Lindås. Arbeidsgruppa består av Lovisa Midtbø, Jorund Stellberg og Reidar Bjørsvik.»

Mandatet til arbeidsgruppe kommunereform omfattar vurderingar og arbeid med følgjande punkt:

- Kva form bør selskapet ha i ei mulig framtidig rolle
- Organisering
- Eventuelt verksemdsoverdraging ved ei oppløysing
- Samarbeid / samanslåing av revisjonseiningar
- Ta kontakt med mulige samarbeidsaktørar

- Samarbeide med KS om mogelege prosessar
- Informasjon til eigarane
- Informasjon til tilsette»

**Framlegg til vedtak:**


1. NHR-IKS sine representantar til arbeidsgruppe for utgreiing av samling av NHR-IKS og IHR til eit interkommunalt selskap er revisjonssjef Janne Eraker, styreleiar NHR AS Jorund Stellberg og styreleiar i NHR-IKS Lovisa Midtbø.
2. Arbeidsgruppa må leggja fram for styret prosessplan og budsjett for utgreiingsarbeidet.

**Samrøystes vedteke.**

Sak 05/19    Eventuelt

Neste ordinære styremøte ifylgje møteplan er 06.05.2019.

Knarvik, 21.01.2019

  
Lovisa Midtbø  
Styreleiar


  
Magne Rifsgård  
Nestleiar

  
Vilgerd Storset Husa

  
Reidar Hjertås

  
Olav Steinar Namtvedt

  
Margrethe Riple Ådland

  
Janne Eraker

Kopi: Ordfører/rådmenn i Nordhordland Revisjon IKS, revisor

